

## **Til Laga i Hordaland folkemusikklag!**

Koronatida styrer framleis mykje av aktiviteten i laga– truleg blir det slik ei god tid framover. Å finna alternativ som held interessa oppe og utnyttar det handlingsrommet vi har er difor viktig. Vi oppmodar alle med glupe idear om å dela dei!

Litt oppdateringar (sjå og heimesida til HFL:

<https://hordalandfolkemusikklag.custompublish.com/> der m.a. referat frå styremøta ligg)

**Vestlandskappleiken** vart avlyst for 2020. Viss alt går som vi håpar blir det då ordinær kappleik hausten 2021.HFL har ansvaret for den, og vi oppmodar laga om å melda seg som arrangør!

Alternativ «strøymekonsert» i år har vi så langt ikkje kome vidare med, og mest truleg blir det ikkje noko av.

**Hordakappleiken 2021:** Denne reknar vi og med skal haldast – vanlegvis er det i mars der årsmøte inngår som ein del av arrangementet. Også der treng vi lokale arrangørar – kom igjen!

**Tilskot frå HFL:** Nye løyvingar på innkomne søknader er gjort på styremøte i mai og september. Dette finn de og på heimesida/FB sida, - på møte i september vart det løyvt 5000 til BUL Ervingen/sommarkurs, 10000 til Åsane unge strykere/folkemusikkprosjekt, 15000 til Osterøy og Nordhordland/juniorsamling, og 10000 til Hardanger spelemannslag/rekrutteringsprosjekt.

**Stønad frå Vestland fylkeskommune:** Ekstraløyving for samarbeids/rekrutteringsprosjekt har vi fått, og arbeidsgruppa er etabert og i gang. Ordinær driftsstønad får vi vita etter at budsjettet for Vestland er vedteke .

**Samarbeid med Sogn og fjordane fml.:** arbeidet fortset her, - det mest konkrete nett no er saka vedr. distrikts- og fylkesmusikarordninga som skal opp i Vestland i oktober og seinare ved budsjettvedtak.

Det har vore to bra nettmøter om dette der HFL har delteke, og oppsummeringa etter siste møte er slik:

«4 Oppsummering

*Siri Ingvaldsen oppsummerte møtet med at fylkeskommunen gjennom møta i mai og i august har fått klare signal frå musikklivet om at det er ynskjeleg med ei utviding av dagens distriktsmusikarordning til tidlegare Hordaland. Det same gjeld for fylkeskvoten som utøvarressurs for arrangørar lenger sør i fylket. Det har også kome fram at folkedansen må styrkast, på grunn av at folkemusikken og folkedansen er uløysleg knytt til kvarandre. Det kan vere naturleg å sjå dette i samanheng med fylkeskommunen sine innspel til regjeringa si utgreiing om folkemusikk og folkedans.*

*Det er fylkeskommunen si oppgave å peike på ei retning og legge til rette for samarbeid, i tillegg til å greie ut alternative løysingar og modellar med tanke på ei styrking og vidareutvikling av både det frivillige og det profesjonelle musikklivet. Fylkeskommunen vil vurdere å bidra til etablering av samarbeidsorgan der det er behov for det.*

*Ronny Skaar la til at fylkeskommunen kan peike på kva som er mogleg å få til i kulturlivet, og kva som kan vere positivt når det gjeld samordning av tiltak. Strategien som skal vedtakast må ein også arbeide vidare med, det gjeld ma. å fordele*

*kompetanse og verkemidlar mellom by og land, slik at ein kan sikre tilgang på profesjonelle musikktenester i heile fylket.»*

**Folkemusikkstipend Vestland:**

HFL har delteke i fagutvalet som gav innstilling, og som Vestland FK har fylgt. Utdeling av stipenda vert under Osafestivalen .

Sjå publisering frå Vestland: <https://www.vestlandfylke.no/nyheitsarkiv/2020/desse-tre-far-folkemusikkstipendny-side/>

Det er då Steinar Rygg får folkemusikkstipendet på 60 000 kr, medan Maria Skjeldrum Toppe og Johanne Løkensgard Mjøs får kvar sitt Folkemusikk Ung-stipend på 25 000 kr.

Talet på søknader var litt høgare enn i fjor, Sogn og Fjordane var underrepresentert. Vi vil gjerne tru at dette endrar seg når stipenda blir betre kjent også der.

**Status for arrangement:** Det pågår ein god del aktivitet i form av kurs / konsertar m.v. rundt i laga, noko som er svært positivt (og nødvendig!). I regi av Hardanger spelemannslag går det t.d. ei heil kursrekke framover (sjå: <http://hardingfolk.no> eller [facebook.com/hardingfolk.no](https://www.facebook.com/hardingfolk.no) )

**Øvingar og aktivitet:** Danseøvingar er framleis vanskeleg, særleg då for vaksne over 19 – fylg med i kva som gjeld til eikvar tid- det har lag til å endra seg! Øvingar/samlingar for Bygda dansar i Hordaland er naturleg nok og avgrensa for tida. Prosjekteigar Norsk senter for folkemusikk og folkedans har vedteke å forlengja prosjektet.

For spelsida er det no mogeleg å starta opp med speløvingar, med litt tilrettelegging bør det vera greit å få til. Fylg også her med på sentrale og lokale retningslinjer som blir kunngjort!

Dei fleste laga har no gjennomført årsmøte,- fint om laga oppdaterer oversikt over tillitsvalde på heimesider, Styreweb m.v.

Så det gjeld å vera kreativ og utnytta det handlingsrommet vi har! Mykje bra og kjekt kan gjerast sjølv om vi må «snu på flisa». Under strøymekonsertane til FolkOrg 3.10 vann nett den komposisjonen av Jorunn Marie Kvernberg!

Lukke til utover hausten!  
Helsing HFL/styret